




## Eit anlegg frå eldre bronsealder i Førde, Sogn og Fjordane

– ein presentasjon og nokre tolkingsforslag

Våren 2005 føretok vi ei arkeologisk gransking i Hornnesvika i Førde kommune, Sogn og Fjordane (Fig. 1). Undersøkningsområdet ligg 7-10 meter over havet, på nordsida av Førdefjorden rundt 2 km nordvest for sjølve Førde sentrum. Sjølve utgravingsområdet heller i sørvestleg retning, og i den sørlige delen skrår det brattare ned mot sjøen. Lengst vest stikk det opp eit berg som skjermar noko mot vind frå vest. Det er opent utsyn mot fjorden og landskapet innover mot Førde.

I denne artikkelen presenterer og diskuterer vi eit anlegg (struktur 134) frå utgravinga som er radiologisk datert til fyrste del av eldre bronsealder (Beta-205249: 3300±50 BP, 2. sigma kal. BC 1690-1450) (Fig. 2). Anlegget var berre synleg på overflata som eit fyllskifte, men under utgraving viste anlegget seg å vere ein konstruksjon som morfologisk liknar ei gravrøys. Anlegget har, så vidt vi er kjent med, ingen klare parallellar i Noreg. Vi vil her skissere fleire mulige tolkingar av strukturen.



**Figur 1.** Kart over Hordaland og Sogn og Fjordane med Hornnesvika avmerka.



**Figur 2.** Utgravingsfeltet i Hornnesvika, struktur 134 er avmerka i forkant av bildet. Foto: V. Berge.

## Den arkeologiske forhistoria

Allereie i 1996 vart det utført arkeologiske utgravingar i området, nærmare bestemt på terrasseflaten nordvest for Hornnesvika (Fig. 3). Det vart då påvist busetnadsspor frå steinalder og fram til yngre jernalder, med spor etter minst 15 hus og bygningsliknande anlegg med dateringar frå eldre bronsealder til merovingartid (Diinhoff 1996). Det var derfor store forventningar til eventuelle funn frå undersøkinga i 2005 som kunne utfylle dei tidlegare arkeologiske granskingane og gje grunnlag for vidare analyse og samanlikning med den kjende busetnaden på Hornnesterrassen. Ein kunne med det få ei meir heilskapleg forståing av den forhistoriske busettinga og jordbruksaktiviteten i området. Resultata frå den arkeologiske utgravinga i 2005 skuffa ikkje, det var spor etter busetting og ulik bruk av området frå førromersk jernalder til merovingartid. Det vart påvist to hus, eit mindre felt med kokegroper og eldstader, ardspor og forhistorisk dyrking (Berge 2006a). Men struktur 134, som denne artikkelen skal omhandle, hadde ikkje noko samanlikningsmateriale frå undersøkinga i 1996.



**Figur 3.** Kart over Hornnesvika med utgravingane frå 1996 og 2005 avmerka.

## Eldre bronsealder i Sogn og Fjordane – ei kort skisse

Buplassar frå fyrste del av eldre bronsealder er relativt sjeldne, sjølv om seinare års undersøkingar på Vestlandet i eit større omfang har dokumentert dyrking i denne perioden, som saman med ulike anleggsspor vitnar om ein betydelig busettingsaktivitet og eit utstrakt jordbruk på Vestlandet (Berge 2006b; Diinhoff 2005a, 2005b; Johannessen 2002; Olsen *in prep*). Ved undersøkinga på Hornnesterrassen i 1996 vart det påvist beite og åkerbruk med dyrking av kulturplanter tilbake til seinneolitikum og overgangen til eldre bronsealder. Dette representerer sannsynligvis ikkje ei intensiv dyrking, men heller eit ekstensivt svedjebbruk kor treslaga dominerer området (Diinhoff 1996:18 ff). Frå bronsealder vart det påvist tre hus, kor det eldste sannsynligvis er eit toskipa hus datert til utgangen av eldre bronsealder (2970±150 BP, 2. sigma kal. BC 1520-815). Ved utgravinga i 2005 i Hornnesvika vart det derimot berre påvist mindre restar etter forhistorisk dyrking, datert frå førromersk jernalder til merovingartid. Eldre dyrking kan vere fjerna av yngre dyrking, men sannsynligvis har flata ved fjorden i Hornnesvika ikkje vore oppdyrka like tidleg som oppe på Hornnesterrassen. Frå denne type busettingar og undersøkingar generelt er det relativt få funn av gjenstandar i vårt museumsdistrikt.

Frå fyrste del av eldre bronsealder er det i Sogn og Fjordane og på Vestlandet generelt relativt få gjenstandsfunn. Det er ikkje kjent verken lause eller faste fornminne med sikker datering til eldre bronsealder frå Førde. Det er funne 22 bronsegjenstandar frå periode I (1700-1500 BC) på Vestlandet, frå Rogaland i sør til Sunnmøre i nord, kor seks er frå Sogn og Fjordane. I periode II (1500-1300 BC) nærmast eksploderer tilfanget av bronsegjenstandar i Rogaland med funn av 73 gjenstandar til samanlikning med tre funn frå Sogn og Fjordane (Solberg 1994:114). Til samanlikning er det kjent 118 antatt importerte flintgjenstandar

frå seinneolitikum og bronsealder periode I-II i Sogn og Fjordane (*ibid*). Dei tidlegaste bronsefunna i Sogn og Fjordane er gjort i indre strok, i motsetnad til i seinare periodar kor alle funn, med eitt unntak, er gjort på ytterkysten (Aakvik 2000:70 ff). Dette korresponderer godt med ei undersøking på Kvamme i Lærdal kor det er påvist tidleg bronseproduksjon, med verkstedshytter og produksjonsanlegg (Diinhoff v2006 s. XXXX). Desse funna tyder på ein tidleg heimleg produksjon av bronsegenstandar.

Av bergkunst som kan vere eller er samtidig med anlegget i Hornnesvika er det i Askvoll, ein av Førde sine grannkommunar, den største konsentrasjonen av såkalla jordbruksristningar på Vestlandet. Ristningsaktiviteten er påbegynt i eldre bronsealder og fortset utover i bronsealder (Wrigglesworth 2000:1, 54 f). Elles har ein bergkunst på tre felt i Hennebygda, Gloppen. Det eldste feltet, Henne III, er datert til fase 2 (bronsealderens periode II/III), mens Henne I og II er yngre. Desse felta er daterte på bakgrunn av typebestemte båtfigurar (Mandt 1991:269 ff). På Kårstadsteinen frå Stryn i indre Nordfjord er det dokumentert fleire fasar. Det kan synast som om ein ristningsskikk med røter i bronsealderen også har eksistert gjennom delar av eldre jernalder (Mandt & Lødøen 2005:159 ff). I tillegg er det ei gravhelle frå Kyrkje-Eide i Stryn som har motiv frå eldre bronsealder (Mandt 2005).


### Skildring av anlegget

Struktur 134 var berre synleg i overflata som eit langovalt og noko uregelmessig fyllskifte med fleire stein i toppen. Ved graving vart det klart at dette var eit noko uvanleg anlegg. Strukturen syntes etter snitting som ein kvelva steinpakning med to relativt store liggande heller i toppen og ei mindre kantsett helle i den søraustlege delen. Eit relativt tjukt kollag i botnen av strukturen var særskilt tydeleg i den nordvestlege delen av profilen (Fig. 4). Den radiologiske dateringa er tatt frå trekollaget i botnen av anlegget.


Ut ifrå foto og teikning av profilen kan ein sjå at det er grave ei større grop ned i undergrunnen som består av eit lyst sandlag over grå homogen leire. Sjølve nedgravinga er ikkje så mykje større enn den kvelva steinpakninga, den er noko vidare i toppen av strukturen, men i botnen er det tydeleg at gropa ikkje er større enn steinpakninga sin ytterkant.

Fyllmassen i struktur 134 bestod av fleire lag (Fig. 4). Ein tett steinpakning med gråsvart trekolspetta sand kvilte på eit opptil 8 cm tjukt trekollag i botnen. Gropa som anlegget ligg i er elles fylt av eit lag med brunspetta sand/silt. I toppen og over steinpakninga var det eit lag med gråbrun trekolspetta sand.

Anlegget var etter avdekking rundoval i forma, 134 cm lang og ikring 107 cm brei. Steinen i anlegget var frå 10 til




Figur 4. Bilde og teikning av profil, mot nordaust. Foto og teining L. Johannessen.




**Figur 5.** Struktur 134 under graving og etter avdekking. Foto: L. Johannessen.


30 cm i diameter og varmpåverka, nærmast skjørbrent. Over steinpakninga låg to større steinheller, helle I og II (Fig. 5). Hellene hadde eit mål på 77 x 60 cm (helle I) og 72 x 54 cm (helle II). Under kvar steinhelle var det eit tynt lag av trekol (Fig. 6). Hellene syntest også å vere varmpåverka. I botnen av steinpakninga var det eit tjukt lag av trekol. Steinane som låg i sjølve kollaget var svært skjørbrente og vitra. Massen i anlegget vart sålda med 4 mm såld, men det vart ikkje gjort funn.




**Figur 6.** Struktur 134 etter fjerning av helle I, mot nordaust. Foto: L. Johannessen.



**Figur 7.** Struktur 134 etter fjerning av helle I og kollag, mot nordaust og sørvest. Foto: L. Johannessen.



**Figur 8.** Struktur 134 etter fjerning av helle II og kollag, mot nordaust og sørvest. Foto: L. Johannessen.



**Figur 9.** Jordprøver frå anlegg 134. Foto: L. Johannessen.

## Jordanalysar

Ved Bergen Museum har ein dei siste åra hatt eit prosjekt med kjemiske analysar av jord frå arkeologiske utgravingar i samarbeid med kjemiingeniør Finn Christensen, Slagelse i Danmark. Framleis er dette på eit tidleg stadium kor utarbeiding av eit prøvesystem er under utvikling, og det er ein del metodiske utfordringar som må løysast. Bruken av desse metodane er ikkje uproblematisk. Dette skal ikkje diskutert her, men det er viktig å nemne då resultatane frå kjemiske jordanalysar kan vere av betydning i vidare tolking av ulike anlegg.

Det vart tatt elleve jordprøver frå struktur 134 som alle er analyserte av Christensen (Berge 2006a). Fem av prøvene er frå sjølve anlegget, to prøver er tatt under strukturen, medan fire er tatt i undergrunnen ikring anlegget (sjå tab. 1 og Fig. 9).

VP#	Kontekst	[P]/ppm	[Ca]/ppm	[Mg]/ppm	[Fe]/o/oo	[Zn]/ppm	[Cu]/ppm	[Mn]/ppm
3	Topp i profil, lag 1	255	2	81	3,20	9	10,5	45
4	Midt i profil, lag 1	394	6	111	3,07	11	14,7	43
7	Under helle I	312	2	86	2,66	9	10,8	29
10	Under helle II	407	8	99	2,47	11	13,0	30
15	Kollag i botn, lag 3	385	8	102	2,29	11	17,0	22
16	Under struktur, lag 2	1269	848	128	0,65	8	1,4	12
17	Under struktur, lag 2	1167	664	126	0,83	8	2,6	13
18	Undergrunn	1197	488	203	1,96	8	1,4	27
19	Undergrunn	1119	575	196	1,65	9	5,1	19
20	Undergrunn	1179	296	229	2,80	10	3,1	33
21	Undergrunn	1184	508	239	1,63	10	2,3	22

**Tabell 1.** Resultat av analysane av jordprøver frå anlegget. \* [P] fosfor, [Ca] kalsium, [Mg] magnesium, [Fe] jern, [Zn] sink, [Cu] koppar, [Mn] mangan.

Det er særskild høge verdiar for fosfor [P] og kalsium [Ca] under strukturen og i prøvene tatt i leirlaget rundt strukturen. Det vart diverre ikkje tatt fleire prøver enn dei ovanfor nemnde, slik at nokon eintydig konklusjon utifrå dei kjemiske analysane av jordprøvene kan ikkje sluttast. Men ifølgje Christensen er det heilt klart grave ned organisk materiale (høgt innhald av fosfor [P]) med knoklar (høgt innhald av kalsium [Ca] og magnesium [Mg]) i botnen av anlegget. Dei låge verdiane av mangan [Mn] og sink [Zn] i prøvene kan tyde på animalsk opphav.

## Tolking

Den fyrste tilnærminga til anlegget er å vurdere om det er eit teknisk eller eit rituel anlegg. Dersom det er eit teknisk anlegg, kan det vere for produksjon av bronse eller for brenning av keramikk, dvs. ein type omnsanlegg. Samanlikna med det ein kjenner av mulige keramikkomnar på Vestlandet har desse ein heilt annan utforming og karakter (Diinhoff 2002:26 ff). Når det gjeld omnsanlegg for bronsesmelting og -støyping er desse også svært ulike anlegget i Hornnesvika (Diinhoff 2001, sjå også Diinhoff i denne publikasjonen s. XXXX; Jaanusson 1971:178 f). Det er på bakgrunn av konstruksjon, analysar av jordprøver og mangel på funn i anlegget mindre sannsynlig at det er eit teknisk anlegg.

Analysane av jordprøvene indikerer at anlegget kan tolkast som eit gravanlegg. Anlegget si form og oppbygging er morfologisk lik ei mindre gravrøys (jf. skildring ovanfor) og kan støtte opp

om tolkinga av det som ei grav. Gravskikken i bronsealder periode I minner lite om anlegget frå Hornnesvika, men så er også gravene i denne perioden ikkje av dei mest talrike. Oddmund Møllerop påpeikar at kunnskapen om graver frå bronsealderens periode I er nærmast manglande (Møllerop 1963). Branngravskikken opptrer i den sørskandinaviske bronsealderkulturen fyrst i periode II, det er også i denne perioden at dei store åsrøysene opptrer. Møllerop antar at gravskikken forut for dette, i bronsealderens fyrste periode, var enkle graver under flat mark utan steinbygd kiste og utan markering på overflata (Møllerop 1963:9).

Skal ein søke etter referansemateriale til gravskikken i periode I er det naturleg å sjå bakover i tid. Når det gjeld steinalderens gravskikk gjeld det same for den som for fyrste del av bronsealderen. Gutorm Gjessing påpeikar at gravfunnmaterialet i det vesentlige manglar for denne perioden (Gjessing 1945:3, 5, 128). Det ein kjenner til av gravskikk frå seinneolitikum er varierende og sparsamt. På Austlandet er det i seinneolitikum funne hellekister med ubrente bein, i tal er det mindre enn 20 stykke av denne typen graver. Ein har fleire andre typar graver frå denne perioden, desse har ei noko ulik utforming, men både låge røyser og gravleggingar ved jordfaste steinar er kjent, både på Austlandet, Vestlandet og i Trøndelagsområdet (Gjessing 1945:428 ff; Shetelig 1922). Frå holer og hellerar er det også funne menneskebein (Gjessing 1945:144). Desse er tolka både som graver og offer. Sannsynligvis har det eksistert andre gravpraksisar og -skikkar enn dei ovannemnde. Det er difor viktig med ny kunnskap som kan utvide det kjende referanse- og omgrepsapparatet, slik at ein etter kvart kan overkomme det problematiske i den manglande kjennskapen til steinalderens og den tidlege eldre bronsealderens gravskikk.

Ei anna tolking av anlegget kan vere offer, her offer av dyr. Dei låge verdiane av mangan [Mn] og sink [Zn] i prøvene kan tyde på animalsk opphav og kan indikere eit offeranlegg (Berge 2006a). Dette er ein kjend funnkategori frå bronsealder; det er m.a. funne ei grop med oksekjevar på Kvamme i Lærdal (Diihoff 2001). Ein kjenner også til groper tolka som offergroper frå andre stader i Skandinavia og på kontinentet (Lütjens 1999; Welinder *et al.* 1999:211 ff). Desse er noko yngre, datert til yngre bronsealder, dei har også ei enklare utforming samanlikna med den samansette og komplekse oppbygginga til struktur 134. Den offerskikken ein elles kjenner til tidleg i eldre bronsealder er oftast knytt til ofringar av gjenstandar. Denne skikken synes å kunne sjåast i samband med offerskikk i seinneolitikum, det vere seg i bronse eller stein (Kleiva 1996:94). Det er difor også her relevant å søke etter mulig samanlikningsmateriale, utan at det i skrivande stund er kjent liknande anlegg frå denne perioden.

Det er i det føregåande skilt mellom grav og offer, men graver kan som offer også sjåast som rituelle nedleggingar. Øyunn Kleiva påpeikar at relasjonen offer/grav er lite diskutert og synest å føresetje at grav lett kan skiljast frå offer (Kleiva 1996:95). Dette er høgst relevant for diskusjonen kring struktur 134. Kunnskapen om vestnorsk gravskikk i dette tidsrommet er sparsam, og dette endrar seg ikkje før i bronsealderens periode II. Ei tolking av struktur 134 i lys av dette kan ikkje gje noko eintydig svar før ein får betre kjennskap til graver og offer i fyrste del av eldre bronsealder. Inntil då kan og bør anlegget tolkast inn i både ein offer- og ein gravkontekst.

## Summary

In the spring of 2005, the authors excavated a site at Hornnesvika in Førde, Sogn og Fjordane. This article presents and addresses one feature from the excavation, radiocarbon dated to the Early Bronze Age. The feature first appeared as a change in colour of the soil with a few stones exposed. Upon excavation the complexity of the feature was revealed, and it appeared to be a small cairn. The cairn was constructed of both rounded stones and flat slabs, and some of the slabs were laid on edge. The bottom of the feature was covered with a layer of charcoal. Two slabs were placed on top of the cairn; beneath each slab was a thin layer of charcoal. As far as the authors are aware, no similar feature is known in Norway. In this paper we describe the feature and discuss possible interpretations of its meaning and use.

## Referanser

- Berge, V. 2006a. *Arkeologiske Undersøkelser, Hornnesvika, Hornnes gbnr. 20/2, Førde kommune, Sogn og Fjordane*. Upublisert rapport, Bergen Museum, Universitetet i Bergen.
- Berge, V. 2006b. *Arkeologiske Undersøkelser, Kyrkjevoll gbnr. 56/1, Lærdal kommune, Sogn og Fjordane*. Upublisert rapport, Bergen Museum, Universitetet i Bergen.
- Diinhoff, S. 1996. *Hornnes Projektet. De arkeologiske boplassundersøkelser på Hornnes gbnr. 20/7, Førde k., Sogn og Fjordane*. Upublisert rapport, Bergen Museum, Universitetet i Bergen.
- Diinhoff, S. 2001. En bronsealderboplass på Kvamme i Lærdal med åker, langhus og verksteder. *Arkeo*: 27-35.
- Diinhoff, S. 2002. *Udgravningberetning. Arkeologiske frivinningsundersøgelser ved Mo gnr. 18, Ørsta, Møre og Romsdal*. Upublisert rapport, Bergen Museum, Universitetet i Bergen.
- Diinhoff, S. 2005a. Tidlige jordbrugsbosetninger på Vestlandet med spor etter toskibede langhuse. *Primitive Tider* 7: 41-48.
- Diinhoff, S. 2005b. Kogegruber – glimt af en rituell praksis gjennom 1500 år. I: Gustafson, L. (red.) *De gåtefulle kokegropene*. *Varia* 58: 135-144. Kulturhistorisk Museum, Fornminneseksjonen. Oslo.
- Diinhof, S. 2006: En bronsealder bosetning ved Fremre Øygarden i Lærdal. I: Barndon R., Innselset, S.M., Kristoffersen, K.K. og Lødøen, T.K. (red.): *Samfunn, symboler og identitet*. – Festskrift til Gro Mandt på 70-årsdagen. UBAS Nordisk 3. Universitetet i Bergen Arkeologiske Skrifter. Bergen 2007. s. xxx.
- Gjessing, G. 1945. *Norges steinalder*. Oslo.
- Jaanusson, H. 1971. Bronsålderboplatsen vid Hallund. *Fornvännen* 66: 173-185.
- Johannessen, L. 2002. *Arkeologiske undersøkelser, Sjøholt gnr. 97/6, Ørskog kommune, Møre og Romsdal*. Upublisert rapport, Bergen Museum, Universitetet i Bergen.
- Kleiva, Ø. 1996. *Frå det sosiale livet til tinga. Seinneolitikum på Ytre Søre Sunnmøre*. Upublisert hovudfagsoppgåve i arkeologi, Universitetet i Bergen.
- Lütjens, I. 1999. Langgestreckte Steingruben auf einem jungbronzezeitlichen Siedlungsplatz bei Jürgenshagen, Kreis Güstrow. *Offa-Zeitschrift*: 21-44.
- Mandt, G. 1991. *Vestnorske ristninger i tid og rom. Kronologiske, korologiske og kontekstuelle studier*. Upublisert doktoravhandling, Universitetet i Bergen.
- Mandt, G. 2005. Kårstad i Stryn – møteplass for ulike kulttradisjoner i eldre jernalder? I: Bergsvik, K.A. & Engevik, A. (red.) *Fra funn til samfunn. Jernalderstudier tilegnet Bergljot Solberg på 70-årsdagen*. UBAS, Universitetet i Bergen Arkeologiske Skrifter 1: 51-67.
- Mandt, G. & Lødøen, T. 2005. *Bergkunst. Helleristningar i Noreg*. Det Norske Samlaget. Oslo.



- Møllerop, O. 1963. Fra Rogalands eldre bronsealder. *Stavanger Museum Årbok 1962*.
- Olsen, A.B. *in prep*. Det tidlige jordbrukslandskap på Vestlandet og dets forhold til det gamle fangstlandskap. Synspunkter på etableringen av jordbruket som økonomi og ideologi i lys av nyere undersøkelser.
- Shetelig, H. 1922. *Primitive tider i Norge*. Bergen.
- Solberg, B. 1994. Exchange and the Role of Import to Western Norway in the Late Neolithic and Early Bronze Age. *Norwegian Archaeological Review* 27(2): 111-126.
- Welinder, S., Pedersen E.A. & Widgren M. 1999. *Jordbrukets första femtusen år, 4000 f.Kr.-1000 e.Kr.* Natur och Kultur/LTs förlag.
- Wrigglesworth, M. 2000. *Ristninger og graver som sted. En visuell landskapsanalyse*. Upublisert hovedfagsoppgave i arkeologi, Universitetet i Bergen.
- Aakvik, J. 2000. *Med blikket vendt mot sør! En materialstudie av eldre bronsealder på Vestlandet*. Upublisert hovedfagsoppgave i arkeologi, Universitetet i Bergen.

